

# Retningslinje for lydnivå ved bruk av lydforsterkingsanlegg

**Føremål:** Motvirke lydnivå som kan gi helseplage eller helseskader.

**Målgruppe:** Alle arrangørar som nytter lydforsterkingsanlegg inne eller ute, t.d. i samband med idrettsarrangement, filmframstilling, konsertar, festivalar med meir.

## Aktuelt regelverk

### Arbeidstakrar / friviljuge:

Arbeidstilsynet har delegert mynde til å utarbeide forskrift om vern mot støy på arbeidsplassen, med heimel i arbeidsmiljølova. Skadeleg støy frå støyande omgjevnader er sett til > 80 dB (A) og impulslyd > 130 dB (C). Det er ikkje eit absolutt krav at arbeidet er lønna, og friviljuge vaktar bør inkluderast når det gjeld omsyn til støybelastning. Arbeidsgjevar har plikt til å syte for verneutstyr og skilting av støysone, slik at grenseverdiane ikkje blir overskride. Sjå [temaside om støy på arbeidstilsynet.no](#)

Det er utarbeidd ein eigen rettleiar for musikk- og underholdningsbransjen – [«følg arbeidsmiljøloven og behold hørselen»](#) med praktiske tips.

### Andre grupper:

Andre grupper vil i hovudsak vere deltagarar og publikum. Det er ikkje fastsett eigne grenseverdiar for desse. Basert på internasjonale standardar er det definert ei høgaste grense for lydbelastning som ein kan akseptere utan at det oppstår fare for skade på hørsle for større grupper av befolkninga. Det er difor tilrådd at følgjande grenseverdiar gjeld for heile publikumsområdet:

	Lp,Aeq, 30 min	Lp,Cpeak
Varslingsgrense	92 dB	130 dB
Absolutt grense	99 dB	130 dB

Desse grenseverdiane er basert på at arrangementet varer i 1,5 timer. Ved arrangement som varer lenger, må grenseverdiane justerast i tråd med lengde på lydeksposeringa. Det må takast omsyn til sårbare grupper, t.d. barn, som kan trenge vernetiltak sjølv om grenseverdiane ikkje blir over-skride.

Dersom det er sannsynleg at varslingsgrensen blir overskride, skal det settast inn kompenserande tiltak. Dese kan vere:

- Informasjon og risiko for skade på hørsle og kvar eigna hørslevern er tilgjengeleg. Informasjonen skal vere tydeleg og lett tilgjengeleg.
- Eigna hørslevern blir tilbode utan ekstra kostnad
- Det blir etablert tydeleg merka stillesonar som er fritt tilgjengeleg for publikum, og der A-veid lydnivå er under 85 dB.
- Lydnivået blir registrert kontinuerleg på eigna stad i publikumsområdet, og må kunne dokumenterast i ettertid.

Sjå rettleiaren [«Musikkanlegg og helse. Veileder til arrangører og kommuner»](#) frå Helsedirektoratet for meir utførleg informasjon og eigna målemetodar.

Bømlo kommune bed om at det i samband med søknad om arrangement blir gjort greie for forventa lydnivå, og eventuelle planlagde avbøtande tiltak.